Radøy kommune
Teknisk forvaltning

Berit Marie Storheim
Sæbøvegen 84
5938 SÆBØVÅGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Kjartan Medaas | 18.02.2014 |
| Vår: 14/485 - 14/1710 | kjartan.medaas@radoy.kommune.no | |

# Oppmålingssak Gbnr 82/1-8 Storheim  Retting av kart. Svar på klage.

Syner til klage på vedtak om retting av matrikkelkartet motteken 23.01.2014.

Klagen gjeld fjerning av eigedomsgrenser for teig av gnr.82 bnr.52 som låg rundt eksisterande naust i Storsandvik innanfor det som vert oppfatta som fellesareal for gnr.82 bnr.1-8.
Då partane ikkje er samde i rettinga som er gjort vert rettinga gjort om og eigedomsgrense for teig av 82/52 lagt inn igjen. Klagen vert teken til følge.

Gjer igjen merksam på at det er grensemerka i marka som seier kvar grensene for eigedomen går.
Heilt nøyaktige grenser i kartet får ein først ved oppmåling av desse grensemerka. Grensene som er lagt inn i matrikkelkartet for 82/52 må derfor sjåast på som usikre.

Legg ved utskrift av matrikkelkartet etter omgjering av retting. Legg også ved orientering om klagerett over forvaltningsvedtak.

Med helsing

Kjartan Medaas
oppmålingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
kart og orientering om klagerett

**Post**
postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

**Kontakt**
Telefon  +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

RADØY
den grøne øya

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Berit Marie Storheim | Sæbøvegen 84 | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Eldrid Askvig | Stendalveien 72 | 0373 | OSLO |
| Sigmund Storheim v/ Kolbjørn Storheim | Radøyvegen 450 | 5938 | SÆBØVÅGEN |